



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd

Dato: Torsdag 21.1.2016

Stad: VossVind

Tid: 12.00-16.00

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Katrine Riber Garen
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Vilde Lægreid
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Alma Thorbjørnsen
Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Magnus Torvik
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Karoline Kalsaas
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Sigrid Walle

Ikkje til stades:

Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar
-----------------	------------------

Andre:

Ulvik herad:	Ingvild Winters
Aktivitetshelga 2016	Timo Knoch – fram til 13.30
Hardangerrådet:	Konsulent Trude Lægreid Rinaldo
Aktiv ungdom / Hfk	Barbara Harterink

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

HU-sak 01/16

Konstituering Hardanger Ungdomsråd 2015/2016

Vedtak:

Vilde Lægreid er vald til leiar for Hardanger Ungdomsråd i 2015/2016

Alma Thorbjørnsen er vald til nestleiar for Hardanger Ungdomsråd i 2015/2016

Begge valga var ved akklamasjon.

HU sak 02/16

Møteplan 2016

Vedtak:

Møteplan 2016 for Hardanger ungdomsråd:

11.02.2016:	HU i Kvam
28.04.2016:	HU i Jondal
03.11.2016:	HU med Konstituering & Hardanger Ungdomsting i Kvam
17.06.2016	HU med aktivitet
Aug/sept 2016	Aktivitetshelg 2016 i Eidfjord
08.12.2016	HU i Odda

HU-sak 03/16

Årshjul for Hardanger Ungdomsråd

Vedtak:

Årshjul for Hardanger Ungdomsråd:

Konstituerande møte	Oktober
Hardanger Ungdomsting	November
Rådsmøter	Januar, Februar Mars/April (1 med overnatting?)
Avsluttande rådsmøte med aktivitet	Juni
Aktivitetshelg	August/September med vertskommune/herad

HU-sak 04/16**Aktivitetshelg 2016.**

Timo Knoch skal på vegne av Eidfjord kommune leia Aktivitetshelg 2016. Han informerte ved starten av møtet.

Vedtak

Eidfjord skal arrangera Aktivitetshelg i 2016.

HU-sak 05/16**Nytt «Aktiv ungdom» -prosjekt**

Barbara Harterink frå Aktiv ungdom og Hordaland fylkeskommune orienterte om ulike prosjektypar og engasjement aktiv ungdom tilbyr.

Hardanger Ungdomsråd vurderar å søkja nytt prosjekt og samarbeid med aktiv ungdom. Presentasjon er lagt med. For meir informasjon www.aktivungdom.eu

HU-sak 06/16**Orienteringssaker****• Kommunestrukturarbeidet i din kommune**

Det er ulik praksis i Hardangerkommunane.

Granvin har gjennomført ei undersøkjing på kva ungdomane ønskjer for framtida.

Det er også tale om slik undersøkjing i andre kommunar. Ungdomane meinte dette var ein framifrå ide og arbeid.

Ulvik har hatt opent møte der ungdomsrådet møtte eindel politikarar. Det var god diskusjon og mange meininger. Elles lite involvering.

I Ullensvang har ungdomsrådet vore i møte med varaordføraren, og det er sagt at ungdomsrådet skulle få plass i utval, men dei har ikkje fått konkret henvendelse, Politikarane i Ullensvang har uttrykt at dei no har hastverk, og ungdomane ser diverre at dei ikkje vil verta tekne med.

I Odda er ungdommen ikkje spurt om å ta del i kommunestrukturarbeidet. Vil ta initiativ til politisk leiing.

I Kvam skjer det lite. Ungdomsrådet der slit med sjukemelding, og er difor ikkje aktive.

• Tannhelsestruktur oppdatering på saka

Denne saka engasjerar ungdommen seg sterkt i. Hardanger Ungdomsråd er beden om å senda ny uttale til utval for opplæring og helse innan 8.2.2016.

Hardanger Ungdomsråd vil også møte på fylkestinget 8.-9. mars 2016, for å følgja denne saka.

Vedtak:

Hardanger Ungdomsråd gjer slik uttale til utval for opplæring og helse i Hordaland, med kopi til Fylkesordføraren. HU uttalar seg for å understreka kor viktig dette er, og gjev slik uttale:

Høyringsuttale vedrørande tannhelsetenesta klinikksstrukturplan 2015-2030 frå Hordaland fylkeskommune.

I Hardanger ungdomsråd den 21.1.2016 tok me på nytt opp saka om tannklinikksstrukturplan i Hordaland. Dette er ei viktig sak for oss ungdom. **Me føler at fylkestannlegen prøver å nedprioritera oss i distriktet, og dette finn me oss ikkje i.**

Me treng ein lett og enkel veg til tannpleie og klinikks elles vil fylgjande skje:

- **Ungdom må pendla att og fram frå Voss/Odda.** Pga **dårleg kollektivtilbod** vil me miste ein heil skuledag fylt med læring. Og som om det ikkje er nok, vil me måtte gjera mykje meir lekse for å ta igjen det me mista den dagen. Det burde jo vere nok å miste ein dag frå skulen og all lærdommen, men det er det ikkje.

- Konsekvensane med den lange reisa er at **ungdommen vil få registrert fråvær** fordi me reiste til tannlegen. Me vil få fråvær og mista mykje læring. Dette vil få **negative konsekvensar for framtidig vitnemål.**

- **Ungdommen må bruka pengar og tid på buss.** Og har ein råd til bussen? Dette kan vere eit problem for mange, for bussen kostar pengar, men **skal ikkje tannhelsetilboden vere gratis?** Så vist ein elev må bruke sine pengar på å komme seg til tannklinikken, så verkar det ikkje som at tannhelsetilboden er gratis. Kor mykje tid må ein vente før og etter timen? Må ein elev sitte og vente på bussen i to timer etter tannlege timen? Tid er pengar, også for ungdommar!

- Og dette gjeld ikkje berre for ungdommen som kan ta buss åleine, dette gjeld også for små barn. Og dei kan jo ikkje ta buss åleine, så då må ein av **foreldra ta seg fri frå jobben for å fylgja barnet sitt til tannlegen.** Det å ta seg fri for vaksne, vil seie å **miste arbeidsinntekt** eller å måtte jobbe ekstra for å ta igjen dei timane dei ikkje jobba. Og alt dette for **ein tannlege time!**

Me veit ikkje korleis man reknar på kostnader for og i mot. Men man kommer ikkje bort i frå at om ein tannlege har ti pasientar pr dag, vil det være ti pasientar som brukar til saman ti skuledagar(70 timer) mot til saman ti enkelt timer.

-Det må jo være mykje enklare at ein tannlege pendlar til Ulvik, enn at alle pasientane skal pendla til Voss. **Miljø messig er det og meir korrekt.**

Me barn og ungdom er framtida, me er bekymra for vår skulekvardag, vitne mål, vår fritid og vårt miljø. **Me meiner de har ein plikt til å kunne tilby oss ute i distrikta ein like godt tannlege tilbod som i byane.** Det skal ikkje være slik at helse tilboda på bygda er dårligare enn dei i byane. Alt dette kan enkelt forhindrast med å behalde tannklinikken i bygdene våre.

Med tanke på sannsynleg kommunesamanslåing i nær framtid, der nye planar og visjonar vil blomstre vil me gå så langt å sei at det er idioti å leggja ned tannklinikkanne Eidfjord, Ulvik og Lofthus no!

Hardanger ungdomsråd går imot framlegg til ny klinikksstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for perioden 2015-2030 . Hardanger ungdomsråd meiner det er ekstremt viktig at me har tannklinik og tannpleie også i distriktet.

HU-sak 07/16

**Informasjon om arbeid frå den einskilde
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

Ullensvang

Ny ruspolitiske plan . Her har ungdomsrådet vore med i planarbeid.

Ungdomsrådet er no del av ei SLT gruppe i heradet .

Dei ber også om e opprop til fylket som no held på å rasera tilboden på vidaregåande skular i regionen vår. F. eks legg dei no ned Media på Voss. Ber HU om å ta tak i dette.

Odda

Er i gang med å arrangera LAN og diskotek for ungdom.

Kvam

Har vore med i trafikksikringsplanarbeidet, som har vore spennande arbeid.

Ellers så er ungdomsrådet deira litt nede no, pga sjukdom.

Eidfjord

Her skal ungdomsrådet ta del i R7 arbeidet, og er elles med på kommuneplan arbeid. Og no skal dei ha ansvar for Aktivitetshelga 2016.

Ulvik

Tannklinikksstruktur har dei arbeidd mykje med.

Diskusjon om å arranger Ball, også saman med Granvin og Eidfjord. Men det vert ikkje Ball i 2016.

Dei er med i styret til Cittaslow og har sett to saker på dagsorden, «Ung jobb» og all maten som vert kasta på butikkane. Dette er teke vidare.

Granvin

Ungdomsrådet har sett rus i Granvin på dagsorden. Rus blant ungdomane her har stege kraftig. Dei skal invitera foreldre og politikarar til møte. Ungdomsrådet meiner det er viktig å visa kva som skjer i miljøet.

Referent Trude L. Rinaldo